Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Seljord

Emne: Ymse attåtfor | Bygdelag: Langlim

Oppskr. av: Olav Bakken | Gard: Bakken

(adresse): ~~Flatdal~~ | G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Röter.

1. No er det slutt med rotsanking til hjelpefor. Men det var vanleg fram til år 1910.

Eg minnest at plassefolki bad om å få vera med og grava opp rot i åkrane. Soleis var Tone Gilleskoe hjå oss og grov rot. Det var helst kvitu-trönske og svinerot, ja surū, höymol- og ikonrove med jordnetar var god vöru.
Dei hadde heile lassi som vart köyrt til husar. Roti måtte dei skjule og vaske godt elles vart krosuri sårtennte, hättess åt.

Roti gav dei „einaste" o: utan noko innåt, og det var rekna som jordeple i godleik, og kyrne vart både gode til mjölk og slettherde og fine i stand.

Brenneröter og andre slag, trur eg knapt vart nytta noko större.

Tang og tare er ukjende „begrep" her.

Hestemök

er det heilt slutt med – men var visst vanleg i husmannsplassane fyre år 1900.

1716

Eg har sett dei har nytta hestemök i töyse for stornauti. Den same Tone Gillestor henta sekker med turr hestegjödsel frå Bakken og nytta til for i vårknipa. Ho betala med rå kumök! Dei kalla det å tirtere.

Men sume dyr var svert glade i hestemök – dei tok det fyre anna for. Ei gamal kone Ågot Haugan (no 77 år) var i ungdomen på Möstrand, på Kåvesand. Der var ei ku som tok hestelorten fyre högst. Ho gav gjödsli i skuffevis beint or mottingen, og ho stöa og åt og mjölka onnos meir.

Hestemöki måtte då ikkje ha lege i tykke haugar so den hadde fått „Gronne" (gjera)

Anne Baugerud blanda hestemök i agner og småeple og hadde kokande vatn på. Elles var höyfrø og daulauv og rot frå åkeren eit godt blandingsemne. Eg har höyrt at mose, ris, halm og hestelort har same forverdet. —

Fiskeavfall er ukjenndt som hjelpe-for – anna forsild som kom i handelen i forriga rasjonering (1918) og vart nytta av sume.

Agner av bygg vert stödt nytta som töyser. Ein bløyter det i varmt eller kaldt vatn og stråer mjöl på – helst forblanding eller sillemjöl. Me nyttar agnetöyse dagleg no i vårknipa – og det gjer dei i kvar gard så lenge dei har noko å töyse.

Halmhakkels for hesten er og vanleg.

24/5.48 O.B.

1716
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING